

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 3/2023 | **Klokkeslett:** 09.00 - 12.00 | **Dato:** 22.03.2023

Møtestad: Helsehuset, Knarvik, Alver kommune

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 22.03.2023

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Ingrid Nergaard Fjeldstad	Byråd, Bergen kommune
	Sara Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Siv Høgtun	Ordfører, Askøy kommune
	Trine Lindborg	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland
	Solveig Paule	Jernbanedirektoratet
	Aina Haugstad	Sekretariatet, Miljøløftet
<i>Øvrege</i>	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Jostein Fjærestad	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Ørjan Raknes Forthun	Alver kommune
	Jannicke Sem-Onarheim	Bjørnafjorden kommune
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Anders Kjetland	Sekretariatet, Miljøløftet
	Kristoffer Sandvik Monsen	Sekretariatet, Miljøløftet
	Eva Mari Pettersen	Sekretariatet, Miljøløftet
	Wenche Sælen	Sekretariatet, Miljøløftet

Sak 30/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 31/23 Godkjenning av referat frå møter i styringsgruppa 18.01.23 og 22. 02.23

I referat frå 22.februar 2023 blir teksten endra frå «2022 resulterte i ein auke på knappe 200 bilpasseringar over nullvekstmålet» til «2022 resulterte i ein auke på knappe 200 bilpasseringar over prognosen om 250.000 i ÅDT.

Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 32/23 Gjennomføring av E16 kollektivtiltak i Foreningsgaten

Kristian Hella Bauge introduserte. Det er Statens vegvesen si vurdering at dette prosjektet kan bli finansiert og gjennomført innanfor rammene i prosjektet E16 Olav Kyrres gate. Det blir derfor føreslått at E16 Kollektivtiltak Foreningsgaten blir tatt ut av porteføljen til Miljøløftet, og at tiltaket blir gjort ferdig innanfor gjeldande rammer til Olav Kyrres gate.

Vedtak: Prosjektet E16 Kollektivtiltak Foreningsgaten ferdigstillast innanfor disponibel ramme til prosjektet E16 Olav Kyrres gate, og lysast ut som del av utlysinga for E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken-Glass Knag, med gjennomføring i 2023.

Sak 33/23 Forslag til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027

Eva Mari Pettersen presenterte saka med forslag til endelege prioriteringar. Forslaget baserer seg på prosessar i arbeidsgruppene, samordningsfunksjonen, prioriteringsrådet og styringsgruppa i forkant.

Sara Sekkingstad, Alver kommune, kommenterte at prosjektet FV5474 Seim er skyvd fram til slutten av handlingsprogramperioden. Det er forståeleg, sidan det er behov for ny reguleringsplan, men ho understreka at låg kapasitet på regulering blir ein flaskehals for realisering av prosjekt. Miljøløftet får tilbakemelding om at midlane ikkje blir godt nok utnytta, då bør vi heller ikkje skyve for langt på prosjekta.

Statens vegvesen kunne bekrefte at prosjektet «Utredning av kollektivprioritering på innfartsårer i Bergen» blir finansiert av statlege midlar utanom Miljøløftet.

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen kommune, trakk fram prosjektet E39 Steinestøkrysset - kollektivfremkommelighet og TS. Prosjektet er på Europaveg og foreslått finansiert av belønningsmidlar, noko Fjeldstad meiner er uheldig. Ettersom realiseringa av dette ligg noko fram i tid, bad ho om at det blir vurdert å legge prosjektet inn på ein annan pott ved ei seinare rullering. Tone Oppedal, Statens vegvesen, peika på at det ikkje er andre pottar som prosjektet kan flyttast til. Faren med å ta prosjektet ut, er at det ikkje blir synleg nokon plass: det er uheldig å ta prosjektet ut, viss partane er einige om at det bør prioriterast. Det prinsipielle i dette blei støtta av fleire og partane blei einige om at prosjektet takast ut frå rulleringa denne gongen, men at det blir arbeidd vidare med finansiering.

Vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027, i tråd med konklusjonane i møtet. Sekretariatet gjer naudsynte tilpassingar, mellom anna å indeksjustere til forventa 2024-kr. Handlingsprogrammet 2024-2027 og prosjektportefølje blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2023.

Styringsgruppa stiller seg bak disponeringa av Belønningsmidlar i 2023 i tråd med tabellane 9-13.

Sak 34/23 Trafikk på E39 Svevatjørn-Rådal og sidevegane etter opning

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, presenterte. Vegvesenet har sett nærare på aktuelle passeringpunkt knytt til E39 Svevatjørn-Rådal i tida etter opninga, og samanlikna desse med passeringar for 2022. Tendensen til no, er at trafikken i snitt har vore lågare enn før. Tidlegare presentasjonar har vist ein auke i både bruk av kollektiv, og tal bompasseringar, men det kan sjå ut som om endra køyremønster har påverka dei ulike passeringstala. Fjoråret var framleis prega av nedstenging, så utviklinga må følgast over noko lenger tid, før vi kan sei noko sikkert.

Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren etterlyste meir kunnskap om kvifor trafikken aukar og viste til utgreiingar i samband med NTP. Det er ønske om meir innblikk i analysegrunnlag på dette i eit seinare møte. Her peika Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune, på at vi må vere tydelege og medvitne om kva for tal vi presenterer, og kva dei dekker og ikkje: Nullvekstmålet gjeld ikkje næringstransport.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 35/23 Eventuelt byvekstavtale bergensområdet

Bemanning og rekruttering i sekretariatet

Aina Haugstad, sekretariatet, varsla at dei er i gang med rekruttering av ny tilsett. Undervegs i prosessen har Kristoffer Sandvik Monsen sagt opp si stilling. Sekretariatet har fått tillating til å tilsette to nye på same utlysing.

Opning av sykkel tunnel

Aina Haugstad, sekretariatet, minna om opningshelga for sykkel tunnelen 15.-16.april og oppmoda om deltaking frå heile Miljøloftet.

Orientering om prioritering av post 30-midler

Malin Bismo Lerudsmoen orienterte om eit brev frå Samferdsledepartementet. Dette gir presiseringar knytt til roller og ansvar rundt tidlegare definerte kriterium for prioritering av post 30-midler. Prioriteringane skal skje i samband med handsaming av handlingsprogrammet og det er eit mål at partane blir einige. Der det er ueinigheit vil det vere Statens Vegvesen som tek endeleg avgjerd. Det vart og understreka at Staten ikkje dekker kostnader til overskridingar. Brevet blir sendt ut til orientering.

NTP

Malin Bismo Lerudsmoen gav ei løypemelding om NTP-arbeidet. Transportverksemdene har fått to oppdrag frå departementet, som det óg tidlegare har vore orientert om i Miljøloftet: eitt utgreiingsoppdrag og eitt prioriteringsoppdrag. Samferdsledepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har sendt oppfølgingsspørsmål til utgreiingsoppdraget, kor det er mykje som er av relevans for byvekstarbeidet. Dei er mellom anna bedne om å vurdere konkrete endringar i gjeldande politikk for byvekstavtalane når det gjeld verkemiddelbruk og trafikksikring. Kommunar,

fylkeskommunar og Statsforvaltaren i byområda er inviterte til å komme med innspel via KS.

Utgreiingsoppdraget var levert 22. januar, Prioriteringsoppdraget blir levert 31. mars. Det er varsla at svara på dei to oppdraga blir sendt på ei samla høyring.

Orientering om Trafikkplan sentrum

Tone Oppedal, Statens vegvesen, viste til ulike medieoppslag knytt til gjennomføring av Trafikkplan sentrum og ba om orientering frå Bergen kommune om kva dette betyr for den vidare prosessen. Dei signala som har blitt gitt i media, samsvarer ikkje med Statens vegvesen sine behov for å ha sentrum tilgjengeleg for gjennomkøyring ved stengt Fløyfjellstunnel.

Ingrid Nergaard Fjeldstad orienterte om at Trafikkplan sentrum etter planen skal handsamast av Bystyret 3. mai. I denne er det lagt til rette for stenging, under føresetnad av at det er mogleg å trekke arbeidet raskt tilbake. Det er altså ikkje snakk om total stenging, men eit ønske om å legge til rette for å rydde sentrum og bidra til ein mest mogleg kontrollert anleggsgjennomføring. Her er det viktig med tett dialog og arbeidet med stenging skal vurderast i tråd med krava om dokumentasjon.

NTP – orientering frå Jernbanedirektoratet

Solveig Paule, Jernbanedirektoratet, orienterte om oppdraget dei har fått, knytt til NTP. Til liks med Statens vegvesen har dei frist 31. mars og innspela blir deretter offentleg kjent. Dei er opptekne av togtilbodet, datadeling og samordning. Stortingsmelding om NTP er venta før påske 2024.

Det blir arbeidd med ein heilskapleg strategi for jernbanen innan 31. mars. Hovudgrepa er å ta vare på det vi har, utnytte kapasitet betre og jobbe med tilbodsforbetring. Dei ønsker og å jobbe med takstsamarbeid.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 36/23 Bypakke Bergen: Planleggingskostnadar Bybanen 5

Anne Iren Fagerbakke, Bergen kommune, orienterte. Styringsramma for dette prosjektet er på 335,1 (2023-kroner). Kommunen er no i sluttfasen av handsaminga av planen, og undervegs har det komme ekstra utgreiingsbehov knytt til motsegn og anna. Kommunen varslar med dette at den tildelte ramma truleg vil bli brukt. For å ta høgde for noko usikkerheit i berekningane, blir det bede om at ramma blir auka til 345,5. Dette er ein auke på om lag 10 mill.

Jostein Fjærestad bekrefta at fylkeskommunen har blitt informert. Sjølv om det er uheldig med overskridingar, forstår dei bakgrunnen i dette tilfellet, og støttar forslaget.

Vedtak: Styringsgruppa til Miljøløftet aukar styringsramma for Planlegging Bybanen byggetrinn 5, frå Bergen sentrum til Åsane frå 335,1 mill. kr. til 345,5 mill. 2023-kr.

Sak 37/23 Bypakke Bergen: Oversikt over inntekter og utgifter i bompengepakka

Etter at Handlingsprogram 2023-2026 vart vedteken, har det vore fleire endringar knytt til bompengebrauk. Denne saka er ei oppfølging av sak 89/22 i styringsgruppa til Bypakke Bergen, der sekretariatet spurte etter eit oppdatert budsjett for bompengepakka 2023. Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, orienterte.

Fylkeskommunen har finansieringsavtale med Ferde, og skal rekvirere bompengar i samsvar med bompengefinansierte prosjekt. Siste oppdaterte tal frå Ferde ved nyttår var at lånet som er tatt opp, er på nesten 5,7 milliardar kroner. Fylkeskommunen har eit garantiansvar som er satt til 6,1 milliardar kroner.

Ferde sine prognoser for nettoinntekter for 2023 er på 800 millionar. Førebels plan for rekvirering frå fylkeskommunen er på 730 millionar kroner. Per i dag ser det derfor ikkje ut til at lånet vil auke, og vi kan kanskje også begynne å betale ned gjeld. Men her er stor usikkerheit knytt til sluttrekninga for Bybanens byggetrinn 4; i Hjellestadvegen går det mot rettsak; og planlegging av byggetrinn 5 ventar på prognose. Framover bør vi sjå på finansieringsbehov for seinare år.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 38/23 Bypakke Bergen: Vestland fylkeskommune ber om at eiga løyving til førebuande arbeid på Bybanen BT5 vert tilbakebetalt gjennom bompengar

Jostein Fjærestad, Vestland fylkeskommune, presenterte saka, som har bakgrunn i fylkeskommunen si forventning om at 29 mill. kronar som er løyvde til naudsynt oppstartarbeid blir sett på som del av dei samla prosjektkostnadene, og med det finansiert gjennom bompengeuttak. Pengane blir brukt til førebuande arbeid knytt til kontraktar, massehandtering og grunnerverv. Dette er del av det same arbeidet som er vedtatt brukt bompengar til for 2023 og 2024. Sidan prognosane for samla bompengeuttak i 2023 er usikre, vil fylkeskommunen vente med rekvireringa til slutten av 2023, og kan óg vente til tidleg i 2024, viss behov.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, minna om at bruk av prosjektmidlar med dette har starta. På eit tidspunkt kan det bli aktuelt å rapportere på kva som er den statlege delen, og kva som er bompengedelen. Det er viktig at fordelinga mellom dei ulike finansieringskjeldene allereie no kjem tydeleg fram i rekneskapen.

Vedtak: Styringsgruppa for Bypakke Bergen sluttar seg til forslaget og at Vestland fylkeskommune dermed kan rekvirere bompengar pålydande 29 millionar kroner, for å dekke prosjektkostnadene til byggetrinn 5. Prosjektrekneskapen for byggetrinn 5 er med dette starta og bruken av midlane må dokumenterast.

Sak 39/23 Bypakke Bergen: Byggetrinn 5 og NTP-prosessen

Tone Oppedal, Statens vegvesen, gav ei løypemelding. Det har tidlegare blitt orientert om utgreiingsoppdrag og prioriteringsoppdrag. Eit oppdrag i denne samanheng har vore å sjå på bompengepotensialet og kva som er mogleg i kombinasjon med statlege midlar. Dette gjeld både bybane, byggetrinn på bybane, og Fløyfjellstunnelen nord. Alt blir vurdert ut frå

gjeldande proposisjon. Transportverksemdene sine svar på prioriteringsoppdraget blir offentlege 31. mars.

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen, peika på behovet for å komme i gang med forhandlingar rundt tilleggssavtale for bybanen, det er mange usikkerheitsmoment må på plass. Anne Iren Fagerbakke supplerte med at den statlege prosentdelen har innverknad på moglegheitene som ligg i gjeldande proposisjon. Vi treng heile diskusjonen i det offentlege rommet, ikkje berre bompengedelen.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 40/23 Bypakke Bergen: Eventuelt

Fløyfjellstunnelane

Jon Askeland spurte etter ny informasjon knytt til Fløyfjellstunnelane og finansieringa av desse. Tone Oppedal orienterte om at det er satt styringsmål i Statens vegvesen. Det er naudsynt å sjå nærmare på optimalisering, og det blir arbeidd med både kostnadsreduksjon, ulike finansieringskjelder og tid på regulering.

Ingrid Nergaard Fjeldstad oppmoda om at dette blir prioritert for å få god kontroll på byggefasen og for å gi næringslivet føreseielege rammer.

Kommunen har hatt ekspresshandsaming av desse prosjekta og har hatt håp om at planane skulle behandlast samtidig. Sjølv om arbeidet med bybanen ikkje er avhengig av desse avklaringane, ville det vere fornuftig å sjå dei i samanheng. Dette vil truleg bli ein stor del av den politiske debatten. Ingrid Dahl Hovland forstår dette behovet og vil følge opp med tettare dialog frametter.

Kollektivtal

Jon Askeland foreslo å presentere resultat og tal for kollektiv i neste møte. Ingrid Dahl Hovland ønsker at desse tala blir presentert i same møte og sett meir i samanheng med personbiltrafikk. Ho minna og om ønsket om ein workshop knytt til utvikling og verkemiddelbruk.